



BERLINER BEITRÄGE ZUR SKANDINAVISTIK

Titel/
title: *Språk og språkforhold i Sápmi*

Autor(in)/
author: Tove Bull

Kapitel/
chapter: »Samisk-skandinavisk språkkontakt
i kontaktypologisk perspektiv«

In: Bull, Tove/Kusmenko, Jurij/Rießler, Michael (Hg.): *Språk og språkforhold i Sápmi*. Berlin: Nordeuropa-Institut, 2007

ISBN: 973-3-932406-26-3

Reihe/
series: Berliner Beiträge zur Skandinavistik, Bd. 11

ISSN: 0933-4009

Seiten/
pages: 213–233

Diesen Band gibt es weiterhin zu kaufen. This book can still be purchased.

© Copyright: Nordeuropa-Institut Berlin und Autoren.

© Copyright: Department for Northern European Studies Berlin and authors.

TOVE BULL
Samisk-skandinavisk språkkontakt
i kontakttypologisk perspektiv

Innleiing

Dei som arbeider med språkkontakt, er opptatt å kartlegge, beskrive og forklare dei språklege uttrykka slik kontakt kan ha. Ein språkkontakttypologi vil i tillegg måtte klassifisere og kategorisere dei fenomen som blir kartlagde. Det må sjølvsagt skje etter kriterium som har utgangspunkt i data frå ulike kontaktspråk og ulike kontaktsituasjonar. Ein slik typologi må altså vere både språksensitiv og kontekst- og situasjonssensitiv. Det vil seie at ein må tolke den språklege empirien i lys av dei kontaktsituasjonane den har framkomme i, og vice versa, kontaktsituasjonen i lys av dei språkdata ein måtte ha. Det siste er særleg aktuelt når ein har med gamle språkdata å gjere og ikkje kjenner eller kan kjenne konteksten eller kontekstane dei er komne til i. Da sluttar ein altså frå data til kontekst. Det er på dette grunnlaget ein kjem fram til generaliseringar som ein i neste omgang testar ut på nye språktrekk og nye situasjonar og kontekstar. Nemninga typologi i det samansette ordet språkkontakttypologi refererer såleis til både typar av språktrekk og til typar av kontaktsituasjonar eller kontekstar som dei aktuelle språktrekka blir til i. Reint generelt er det altså samvariasjon eller korrelasjon mellom språktrekk og situasjon eller kontekst ein er opptatt av. Det betyr vidare at kontakttypologien i t.d. tilfellet samisk – nordisk språkkontakt vil vere skiftande og dermed ulik i ulike tidsperiodar, m.a. fordi relasjonane mellom dei involverte folkegruppene har vore skiftande frå tid til tid.

Språkkontakt seier vi, men det det handlar om, er jo i utgangspunkt sosial kontakt mellom menneske som snakkar forskjellige språk. Det dreier seg om dei språklege resultata mellommenneskeleg sosial kontakt på tvers av språkgrenser kan få, for den enkelte språkbrukaren og for språksamfunnet.

Det meste som er skrive om språkkontakt, bygger på data frå heilt andre språk enn dei som blir behandla i denne boka. Som alltid elles er det engelsk som er det mest utforska språket; ikkje minst er det skri-

ve mykje om engelsk-fransk språkkontakt frå »1066 and all that«, altså frå tida etter at Wilhelm Erobraren invaderte England. Det vil seie at germansk-romansk språkkontakt i engelsk er grundig utforska. Kontaktsituasjonar i det som blir kalla »World Englishes« er det òg arbeidd mykje med. Andre kolonispråk enn engelsk, m.a. fransk og spansk, i kontakt med ymse »koloniserte« språk har òg fanga stor forskingsinteresse. Det er såleis dei språka som med ein eufemisme blir kalla »verdsspråk« og språk desse språka har vore i kontakt med, eller like gjerne: språk dei har kolonisert, som det er forska mest på. Vidare er det skrive ikkje reint lite om såkalla Sprachbund-forhold, da først og fremst på Balkan.

Det eg tar mål av meg til å gjere i denne samanhengen, er å prøve å seie noko allment og generelt om samisk-nordisk språkkontakt, både om kva type kontakt som har vore tidlegare og kva slag kontakt som eksisterer no, anten ein ser det frå samiskspråkleg side eller frå nordiskspråkleg side. Det seier seg sjølv at eg da må dekkje lange tidsforløp, og at det eg kan presentere her, dermed vil måtte bli nokså avgrensa og tentativt

Språkendringar

Bernard Comrie seier i *The World's Major Languages*, 1990, at »[i]t seems that whenever two languages come into close contact, they will borrow features from one another«. ¹ Og eg vil føye til: Språk kjem alltid i kontakt med andre språk. I vår tid finst det vel ikkje lenger eksempel på folkegrupper som lever så isolert at dei ikkje har kontakt med andre folkegrupper, altså med folk som snakkar eit anna språk.

Comrie's uttrykk »borrow features from one another« dekkjer over ei rekkje kontaktfenomen. I nokre tilfelle er resultatet av språkkontakten berre eit lite og avgrensa antal leksikalske lån, mens andre kontaktsituasjonar kan føre til utvikling av heilt nye språk. Mellom desse to ekstreme resultatata, som vi kan forestille oss som dei to endepunkta på eit kontinuum, finn vi ei rad mulege språkendringar som kjem av varierende grad av innverknad frå eit språk på eit anna. Dei potensielle resultatata av slik kontakt varierer i samsvar med to knippe av faktorar, interne (dvs. lingvistiske) og eksterne (dvs. politiske, sosiale og psykologiske). Til interne faktorar reknar vi den språklege relasjonen mellom dei (to eller fleire)

¹ COMRIE 1990, 10.

språka som er involverte, særleg i kor stor grad det er typologisk likskap mellom dei. Relevante sosiale faktorar er lengda og intensiteten i kontakten mellom dei aktuelle folkegruppene, grad av to- eller fleirspråklegheit i gruppene, storleiken på gruppene, makt- og prestisjeforhold dei imellom og kva former samhandlinga mellom dei har og har hatt, i det heile kva funksjonar kommunikasjonen mellom gruppene har ivaretatt. Om språka er skriftfesta eller ikkje, og grad av lese- og skriveferdigheit i dei aktuelle språksamfunna er òg relevant. Sosiopolitiske faktorar som styrer både individuell åtferd og gruppeåtferd, er også viktige, m.a. språkholdningar, dvs. kva holdning gruppene har til det eigne og det andre språket, motivasjon til å lære og å bruke det eine og/eller det andre, osv..

Dette betyr at språkkontakt i somme tilfelle kan vere språkkonkurranse, jamvel språkkrig. Men språk – som folk – kan også leve i relativ jambyrdig harmoni og likevekt i forhold til kvarandre. Om det knapt finst eksempel på heilt symmetriske kontaktsituasjonar, vil graden av asymmetri kunne variere kolossalt.

Ulike modellar for språkkontakttypologi

Det er nokså opplagt at ulike språkkontaktsituasjonar fører til ulike resultat for dei involverte språka, alt etter kva relasjon språka og språkgruppene har til kvarandre. Begrep som »target language« (TL), altså målspråk, »source language« (SL), grunnlagsspråk/utgangsspråk, og »recipient language« (RL), mottakarspråk, viser dette nokså klart. Ein ser nærmast for seg ein slags sendar – mottakar relasjon, som i ein simplistisk kommunikasjonsmodell, der eit av språka gjev, eller er gjevar, og det andre mottar, eller er mottakar, og der dette gjevar-mottakar-forholdet er einvegs. Ein slik modell har såleis nokså svak generaliserande kraft, jamvel om den ofte – eksplisitt eller implisitt – ligg til grunn for språkkontaktforskinga.

Når ein har ein slik modell som utgangspunkt, hevdar ein gjerne at mens eit RL låner eller importerer ord og uttrykk frå SL eller TL, vil TL samstundes også kunne vere RL og bli påført substrat- og interferensfenomen frå SL. Ein skil altså nokså skarpt mellom ordlån på den eine sida og interferens og substrat på den andre. Mange reserverer seg såleis frå å bruke nemninga lån om noko anna enn leksikalske element, mens andre snakkar om strukturelle »lån«, da gjerne med ordet lån i hermeteikn.

Om vi bruker samisk-nordisk kontakt som døme, kan det verke som det er gode grunnar for å skilje heller skarpt mellom leksikon og grammatikk i språkkontaktsamanheng. Vi veit at det er mange nordiske lånord i samisk, og at fleire av desse låna går heilt tilbake til urnordisk. På den andre sida er det blitt påvist ei rekkje trekk i norsk og svensk som berre kan forklarast som samisk substrat, mens det synest vere heller få lånord frå samisk i desse språka, og tilsvarande relativt lite strukturpåverknad frå nordisk til samisk.

Trass i at dette kan verke tilforlateleg, bidrar denne todelinga til så simplistiske modellar og teoriar at det er grunn til å åtvare mot henne. Ei skarp todeling mellom ordlån i RL på den eine sida og substrat/interferens i TL på den andre, føreset for det første ein asymmetrisk språksosial kontekst, kanskje også med språkskifte som naudsynt resultat. Og slik er som kjent ikkje alle språkkontaktsituasjonar. Slike sterke generaliseringar har dessutan gjerne ei form for einspråklegheitsidealiseringsom implisitt ideologisk grunnlag. Det er vel verdt å merke seg at Winford hevdar at leksikalske lån er ein *føresetnad* for det han kallar »phonological and morphological borrowing«. og formulerer som »Implicational constraint 1: No structural borrowing without lexical borrowing«.²

Det er gjort fleire forsøk på å etablere typologiske modellar for språkkontakt. Her er det ikkje plass til å gå grundig inn på nokon av dei. Eg vil likevel – etter ein gjennomgang av ulike sider ved språkkontakten mellom samisk og nordisk – presentere og kort diskutere to ulike modellar som har vore lanserte som generelle modellar for (visse sider ved) språkkontakt. Eg gjer det først og fremst for å illustrere kor vanskeleg det er å komme fram til generelle modellar som dekker alle eller dei fleste spesifikke språkkontaktsituasjonar, og også for å vise at ein svært lett risikerer å overgeneralisere, eller at generaliseringane blir så allmenne at dei tapar informasjonsverdi.

Langt samliv mellom samisk og nordisk – lånordproblematikken

Nordgermansk (dvs. urnordisk, og etter urnordisk tid, først og fremst svensk og norsk) og finsk-ugrisk (samisk og finsk) har eit mangehundre-

² WINFORD 2003, 54.

årig samliv bak seg. Det har altså de facto vore kontakt mellom samisk og nordisk iallfall tilbake til urnordisk tid. Trass i at det etter kvart er godt dokumentert at samlivet med samisk har ført til språkendingar i skandinaviske språk, har dette faktumet hatt liten innverknad på nordisk språkvitskap. Det einaste som det tydelegvis er obligatorisk å nemne i nordiske språkhistorier, er innslaget og graden av nordiske lånord i finsk-ugrisk. I den samanhengen blir det gjerne nemnt ei rekkje døme både i finsk og samisk, t.d. *áiru* ›åre‹ *gáica* ›geit‹ *gussa* ›ku‹ og *vuostá* ›ost‹ i samisk. Ein har altså oppfatta samisk og finsk som mottakarspråk (RL) og nordisk som långevar (SL). Det blir tatt for gjeve at kontaktsituasjonen så langt tilbake i tid var like asymmetrisk som han var frå midten av det 19. hundreåret og heilt fram til siste halvdel av det 20. hundreåret. I norsk språkhistorie heiter det t.d. at alle ord for sjø, båt og sjøfart i samisk er lånt frå nordisk, og dessutan alle jordbruksord. I det ligg ein påstand om at samane lærte båtbygging og jordbruk av nordisk-talande. Nesheim 1958 registrerer desse lånorda i samisk på semantiske felt som gjeld jordbruk og februk.

<i>Samisk</i>	<i>Rekonstruert urnordisk</i>	<i>Moderne norsk</i>
gráiva, grábja		grev
dáđđi		tad, gjødsel
sadjit		å så
áksi		aks
giertnas	*kwernuz	kvern
ráktsa	*gautaz	graut
áhkar		aker
gordni	*kurna	korn
rievdi		gryn
dáigi	*daiga	deig
fieksi		fjøs
buvvi		buskap, bufe
skiellu		melkebøtte (gno.: skjola)

Om lånord som desse dokumenterer einvegs og einssidig påverknad frå eitt språk til eit anna, og frå ein folkegruppe til ein annan, er i høgste grad tvilsamt. Likevel blir dette framleis hevda av språkhistorikar. Det er

faglege »sanningar« som er blitt kolporterte frå den eine generasjonen til den andre, gjennom mange år, og over fleire generasjonar. Og desse »sanningane« blir framleis formidla.

Hanssen og Olsen kommenterer »jordbrukslåna« i samisk på denne måten:

Tidligere ville man gjerne se den språklige påvirkningen som et direkte uttrykk for at samene allerede på dette tidspunktet hadde tatt opp februk og åkerbruk under nordisk innflytelse. Selv om dette ikke kan utelukkes, synes det i dag ikke å måtte regnes som noen nødvendig forutsetning. Innlånet av nordiske termer kan like gjerne være et resultat av »konformitetssøkende strategier« fra samisk side – strategier som går ut på å låne inn visse begrep og kulturtrekk, slik at det etableres et symbolfelleskap og uttrykkes solidaritet med folkeslag som man har gjensidige utveklingsrelasjoner med. Slik adoptering av språklige uttrykk og kulturtrekk er kjent fra mange steder i verden i samfunn som har gjensidige bytte- og samhandlingsrelasjoner, og især fra kontakter mellom jeger/samlersamfunn og agrarsamfunn.³

Jamvel om det er lett å konstatere at det finst ei rekkje urnordiske lånord i samisk, kan vi ikkje ta det for gjeve at det i seg sjølv seier noko om kva form for kontakt det var mellom språkgruppene. Winford hevdar at »[a] great deal, perhaps the majority, of lexical borrowing results from only marginal contact with other languages.«⁴ Det vi kunne kalle »avstandskontakt« kan altså godt føre til leksikalske lån. I den samanhengen er det interessant å merke seg at døma på urnordiske lån i samisk så å seie alltid er substantiv, og vel òg nokre adjektiv. Nesheim har også med eitt verb, som vi ser. Særleg substantiv og adjektiv lar seg låne lett. Ordlån frå opne ordklassar kan såleis ikkje utan vidare brukast som dokumentasjon for verken tett kontakt eller asymmetrisk kontakt der långjevaren representerer makt og prestisje, og låntakaren rangerer lågare i eit sosialt hierarki. Poenget mitt her at vi ikkje kan trekke nokon klare konklusjonar om kontaktformene berre på grunnlag av dei dokumenterte leksikalske låna frå urnordisk i samisk. Vi skal hugse på at det er visse språklege begrensingar når det gjeld lånbarheit. Ein opererer gjerne med eit lån-

³ HANSEN og OLSEN 2004, 91.

⁴ WINFORD 2003, 30.

barheitshierarki («hierarchy of borrowability»). Allereie Whitney 1881 og seinare Haugen 1950 var inne på dette. Muysken 1981 opererer med dette hierarkiet:

nouns > adjectives > verbs > prepositions > co-ordinating
 conjunctions > quantifiers > determiners > free pronouns > clitic
 pronouns > subordinating conjunctions

Alle eksempla på urnordiske lån i samisk er, så vidt eg veit, frå opne ordklassar.

Strukturelle »lån«

Berre på grunnlag av leksikalske lån er det såleis vanskeleg å trekke konklusjonar om kontaktflate og kontaktmønster mellom samiskspråklege og nordiskspråklege i den tida da dei urnordiske lånorda blei tatt inn i samisk, ut over det heilt opplagte at det har vore kontakt og at den truleg har vore nokså tett. Ei *strukturell* endring i samisk (og finsk) tyder dessutan på at kontakten truleg har vore langvarig og nær over lang tid. Eg tenker da på skiftet frå SOV-leddrekkefølge, som karakteriserer finsk-ugrisk generelt, til SVO som finsk og samisk no har felles med germansk. Korleis dei sosiale relasjonane mellom dei aktuelle folka har vore for at ei slik gjennomgripande endring har kunna skje, er det likevel ikkje så lett å vite noko om. Kan endringa tolkast som nordisk adstrat (substrat eller superstrat?) i samisk? I så fall viser ho jo at relasjonane ikkje kan ha vore slike at samisk berre har fungert som RL og tatt imot ei rekkje lånord. Prinsipielt sett kan SVO-rekkjefølgja i samisk ikkje sjåast på nokon annan måte kontaktypologisk, enn dei endringane samisk har påført nordisk, og som vi no skal sjå på.

I seinare år har særleg Jurij Kusmenko og også Michael Rießler sannsynleggjort at ei rekkje strukturelle særdrag i nordgermansk truleg har opphav i samisk, altså påverknad i motsett retning enn det ein tradisjonelt har vore opptatt av. Jurij Kusmenko viser til Kylstra 1967 som den aller første som argumenterer for at ei rekkje særeigne strukturtrekk i nordgermansk (i høve til annan germansk) kan ha opphav i kontakten

med finsk-ugrisk.⁵ Det er ikkje plass til å gå inn på alle dei aktuelle strukturtrekka i detalj her; det får vere tilstrekkeleg å vise til litteraturlista. Det skal likevel nemnast at Kusmenko i fleire av dei nemnde artiklane jamfører samisk-skandinavisk språkkontakt med eit mykje meir velkjent og gjennomutforska kontaktområde, nemleg Sprachbund-området på Balkan. Det som aktualiserer denne jamføringa er ei rekkje enklisefenomen som særkjenner nordgermansk og meir eller mindre tilsvarende fenomen som vi òg finn att på Balkan, der dei altså lenge har vore aksepterte som Sprachbund-fenomen. Først og fremst gjeld det etterhengd bunden artikkel. Innan indoeuropeisk er det berre på Balkan og i Skandinavia at det finst suffigert bestemt artikkel. No har jo ikkje samisk artiklar, men Kusmenko argumenterer likevel svært godt for at fenomenet i norsk og svensk (og delvis dansk) heng saman med kontakten med samisk. Argumentet hans går ut på at enklitisk determinativ kan ha komme inn i nordgermansk språk som interferens frå enklitisk possessiv i finsk-ugrisk.⁶ Andre enklitika i nordgermansk som kan sjåast på same måten, er suffigert negering i urnordisk og norrønt og suffigert mediopassiv.⁷

Det har til vanleg blitt hevda at eit Sprachbund er uttrykk for langvarig, djup og gjennomgripande språkkontakt; det vil seie nær og gjensidig kontakt mellom dei språkgruppene det gjeld. Trass i dette, og trass i at Balkan i denne samanhengen har trekt til seg mykje forskning og mange forskarar, konkluderer Winford på denne måten.

On the whole, the Balkan Sprachbund remains problematic for any attempt to explain the direction, agency, and mechanisms of convergence in a principal way. Moreover, as Joseph (1986: III) points out, »there is an entire sociolinguistic dimension to the Balkan Sprachbund which must be confronted« before we can fully understand how it came into being. A better understanding of both the mechanisms of change and the factors that constrained them can be gained by examining situations for which more sociohistorical and linguistic information is available.

Despite all the scholarly attention the Balkan Sprachbund has attracted, the fact is that the degree of lexical and structural diffusion found in most of the languages involved is not that extensive. Heath (1984: 378) in fact

⁵ KUSMENKO 2005d, KUSMENKO 2005a (og også tidlegare titlar).

⁶ KUSMENKO 2004, 228.

⁷ Sjå KUSMENKO 2002, KUSMENKO 2003 og KUSMENKO 2004.

claims that »ongoing mixture involving European languages and native vernaculars in former colonies is at least as extensive as in the Balkans.« This is perhaps what we might expect in situations of language maintenance, particularly where the groups involved belong to quite distinct communities. Resistance to extreme structural change remains strong in such cases. Even when there is intimate inter-community contact leading to massive lexical diffusion, structure seems to resist externally motivated change.⁸

Så langt Winford. Hans utgangspunkt er nettopp at »resistance to extreme structural change remains strong« og at »structure seems to resist externally motivated change«. Ein kan sjølvsagt diskutere kva ein skal legge i »extreme structural change«. Om ein kan snakke om eit skandinavisk Sprachbund som inkluderer nordiske og samiske og eventuelt andre finsk-ugriske språk, er sjølvsagt òg eit definisjonsspørsmål. Det er likevel gode ikkje-språklege grunnar til å hevde at kontakten mellom samiskspråklege og nordiskspråklege grupper synest å ha vore relativt gjensidig og nær i dei hundreåra dei språkendringane Kusmenko og Rießler har studert, gjekk føre seg i nordisk, altså i tida før kristninga. Kusmenko viser i denne samanhengen særleg til Inger Zachrissons arkeologiske forskning. Det same blir stadfest av Hanssen og Olsen. Dei seier:

Det er således grunn til å anta at forholdet mellom samene og de norrøne jernaldersamfunnene var mer symbiotisk og mer preget av samarbeid enn tidligere antatt. Mye tyder også på at den norrøne/germanske kulturens religion og samfunnsform gjorde et slikt samarbeid lettere enn hva som seinere skulle bli tilfellet. Blant annet kan samene ha fylt spesialistfunksjoner innenfor det økonomiske systemet som de norrøne jernaldersamfunnene var basert på.⁹

Ut frå dette må vi kunne konstatere at ein enkel lineær kontaktmodell der nordisk blir sett på som TL og samisk som RL på ingen måte vil vere dekkande for kontakten mellom samisk og nordisk i tida før kristninga.

⁸ WINFORD 2003, 74.

⁹ HANSEN OG OLSEN 2004, 64.

Oppsummering om samisk-nordisk språkkontakt i førkristen tid


Vi kan altså konstatere at det fanst gjensidig og truleg nokså likeverdig og sosialt balansert kontakt mellom nordiske og samiske folkegrupper i førkristen tid. Denne kontakten har komme språkleg til uttrykk i dei velkjende urnordiske lånorda i finsk-ugrisk, men òg muligens i nokre – men langt færre – lånord frå samisk i nordisk, som t.d. *raid* < *ráidu* og *noaide* < *noaidi*. Dateringa av desse samiske lånorda i nordisk er for øvrig svært usikker. Alle er dessutan døme på ord som gjeld spesifikke samiske kulturfenomen. Så ut frå det vi kan vite i dag, er det temmeleg opplagt at samisk har tatt imot langt fleire leksikalske lån frå nordisk, enn vice versa. Men mykje meir overtydande argument for relativt nær kontakt enn lånord kan gje, er dei sterke indisia på at visse meir eller mindre felles strukturtrekk har opphav i det andre språket. Det gjeld SVO-rekkjefølgja i samisk og ei rekkje enklisefenomen i nordisk. Dessutan vokalbalanse eller jamning og kvantitetsforhold i visse sentralnordiske dialektar. Jamvel om vi nokså trygt kan slå fast at relasjonane mellom dei to folkeslaga må ha vore mindre hierarkiske og meir jambyrdige enn det ein tidlegare har gått ut frå, ville det vere nokså spekulativt å prøve å spesifisere desse relasjonane nærmare. Til det veit vi altfor lite, først og fremst om samisk språk i det aktuelle tidsrommet, men òg om dei faktiske sosialpolitiske forholda. Men så mykje veit vi at vi kan slå fast at eldre nordisk språkhistorie må skrivast på nytt, og denne gong i eit språkkontaktperspektiv. Som vi har sett, kan vi òg slå fast at den sosiale dominansen av nordisk som tradisjonell nordisk språkvitskap og også nordisk historieskriving har forfeakta, neppe eksisterte i dei aktuelle hundreåra. Påstandar om nordisk dominans er heller uttrykk for den nære fortidas og samtidas sosialdarwinistiske og kolonialistiske tolking av fortida, enn for historiske realitetar.

Ulike språksosiale forhold i nyare tid


Så langt om den fjerne fortida. Di nærmare vi beveger oss i retning av vår eiga tid, di meir veit vi sjølvst. Vi kan konstatere at det vi kan kalle kolonisering av Sápmi (og da tenker eg ikkje minst på det vi kunne kalla «mental kolonisering») tok til i seinmiddelalderen og varte heilt

fram til langt ut i siste halvdel av det 20. hundreåret. Strengt tatt finst det vel argument for at den framleis varer ved. Den historiske utviklinga etter at dei nordiske landa var blitt kristna, har såleis gjeve opphav til heilt andre typar språkkontaktsituasjonar enn dei vi kan slutte oss til var dominerande i førkristen tid.

Dersom vi vil gjøre eit forsøk på å etablere ein språkkontakttypologi som er gyldig for hundreåra etter kristninga, kan vi forsøke å gjere eit første skilje mellom symmetriske eller jambyrdige sosiolingvistiske relasjonar på den eine sida og asymmetriske eller ujambyrdige relasjonar på den andre. Asymmetriske forhold kan vi i neste omgang dele inn i språkskiftesituasjonar og språkbevaringssituasjonar, slik framstelt i eit tredidiagram:



Ein kunne òg tenke seg ein modell med utgangspunkt i ei første todeling mellom språksamfunn der enkeltindividida på den eine sida normalt er to- eller fleirspråklege og på den andre sida einspråklege, altså slik:



osv. (som over)

Asymmetri som fører til språkskifte

Det er klart at språkkontakten vil komme til uttrykk på forskjellig vis i dei ulike kontekstane som blir synleggjorde i desse to tredigramma. Når det gjeld kontakten mellom samisk og nordisk, har vi etter kvart fått framskaffa ein del døme på kva for endringar som skjer i nordisk i ein språkskifteprosess frå samisk til nordisk. Så vidt eg veit, har ingen prøvd å beskrive dei språkendingane som skjer i samisk i ein slik situasjon. Vi kan ta utgangspunkt i Einar Haugens kjende modell:

$$A > Ab > AB > aB > B$$

(A = samisk, B = nordisk, stor bokstav indikerer at språket står sterkare enn når det er markert med liten bokstav)

Det er altså forska ein del på nordisk i alle desse stadia av kontakt med samisk, altså på B og b i situasjonane Ab, AB, aB og B.¹⁰ Det denne forskinga viser, er at det oppstår ei rekkje samiske substratfenomen i den norsken som språkbrukarane er i ferd med å erstatte samisk med. Det gjeld på alle språknivå. Mange av endringane er å rekne for reine ad hoc-fenomen. Det vil seie at dei forekjem innimellom, men på ingen måte som konsekvent gjennomførte språkendingar. Det gjeld t.d. endringar i genustilskrivning og i bindingssystemet. Og det gjeld valensforhold (visse verb som på norsk normalt er toverdige, blir einverdige, t.d. *meistere*, *beherske*, *berge*, eller dei kan bli treverdige, som t.d. *skjere*, *springe* (eg skal skjere deg ei brødkive, vil du springe meg eit ærend)). Generelt kan det sjå ut som om substrat i fonologi og prosodi har lengst varigheit over generasjonane. Fonologiske og prosodiske endringar kan vare ved også etter at språkskiftet har skjedd. Vidare finst det ein del syntaktiske fenomen som skil nordleg norsk (og også svensk) frå dialektane i sør. Også dei kan ha opphav i samlivet med samisk.

Vi kan såleis slå fast at i dei språksamfunna som har gått gjennom eit språkskifte frå samisk til nordisk, er språkskiftet så å seie nedfelt i det nordiske sluttproduktet. Visse substratfenomen kan vi finne att lenge etter at språkskiftet har funne stad. Korleis denne språkskifteprosessen

¹⁰ Jf. t.d. BULL, JUNTILA og PEDERSEN 1986, JUNTILA 1988, PEDERSEN 1994, SOLLID 2003, BULL 2004, som alle gjeld talespråk, men òg undersøkingar av skriftlege tekstar kan vere relevante, jf. TODAL 1996, HAGAN 1977, BULL 2006.

typisk skjer, med omsyn til kva for typar interferens- eller substratfenomen som lettast slår rot i det andre språket, veit vi vel ikkje nøyaktig, bortsett frå at det synest vere drag i fonologi og prosodi som held seg lengst. Samtidig ser vi òg at det kan skje relativt store strukturelle endringar i morfologi (ikkje minst forenklingar) og syntaks.

Det er vidare grunn til å tru at det vil vere skilnad på dei endringane som skjer i språkkontaktsamanheng i reine munnlege kulturar i høve til skriftkultur. Om eg skulle våge meg på kontrafaktisk språkhistoriskrivning, vil eg hevde at i dei sjø- og fjordsamiske bygdene i Norge som har gjennomgått eit språkskifte frå samisk til norsk, ville det norske genussystemet kunne ha blitt fullstendig oppløyst. Det var nærmast under oppløysing hos dei språkbrukarane som blei sosialiserte på samisk, men som valde å gå over til norsk i vaksen alder da dei sjølve fekk barn. Dette er ein generasjon som no er utdøydd. At genusbøying i norsk så i neste omgang slo nokså sikker rot i språket til barna deira og enda meir hos den neste generasjonen, kjem ikkje av den intergenerasjonelle overleveringa av norsk i heimane, men heller av skolegang og skriftkultur. I denne samanhengen er det interessant å konstatere at dialektar av latvisk som blir snakka i område der det austersjøfinske språket livisk tidlegare var dominerande, i dag ikkje lenger har genus. I desse dialektane er også skilnaden mellom maskulinum og femininum falle bort ved personlege pronomen slik at dei har same systemet som livisk, og for så vidt også andre finsk-ugriske språk (opplysningar henta frå Nils Dannemarks doktoravhandling som er under utarbeiding).

Vi må rekne med at også samisk gjekk gjennom store endringar i løpet av den prosessen som førte til samisk språkdød i visse språksamfunn. Det har vi dessverre så vidt eg veit, liten eller ingen dokumentasjon for. Men vi veit frå arbeid med andre utdøyande språk at dei gjennomgår til dels dramatiske endringar, og det er grunn til å tru at det også har skjedd med samisk i dei språksamfunna der språket er borte.

Asymmetri – språkbevaring

I dei tilfella der to- eller fleirspråklegheita er bevart og kjem til uttrykk som anten Ab, AB eller aB, vil språkkontakten normalt sette spor i begge språka. Syntaktiske endringar i nordsamisk, som bruk av potensielt subjekt, tendensar til artikkelbruk, postposisjonar brukt preposisjo-

nelt vil vere døme på dette. Og tilsvarande døme frå norsk vil vere V3-leddstilling etter spørjeord (kor du e ifrå), kv-spørsmål utan spørjeord (e de langt?), ein del strykingar av setningsledd, osb., osb.¹¹

Symmetri – språkbevaring

Det er ikkje utan vidare lett å skilje symmetriske og asymmetriske språkbevaringssituasjonar frå kvarandre med omsyn til dei språkendingane som kan finne stad i dei involverte språka. For ein del vil dei vel kunne vere dei same. Vitalisering og revitalisering vil truleg karakterisere symmetriske situasjonar meir enn asymmetriske. Eg har ein hypotese om at interferens og substratfenomen i nordisk i balanserte samisk-nordiske situasjonar vil vere mindre utbreidde enn i tilsvarande asymmetriske. Resonnementet mitt er dette: I slike situasjonar vil tospråklegheita vere stabil, og dei to språka vil stå i eit relativt likeverdig og balansert forhold til kvarandre. I dei tilfella det blir gjeve opplæring i begge språka, som t.d. no for mange samar i Sápmi, vil det kunne vere med på å styrke ei slik balansert tospråklegheit.

To modellar

Winford¹² har laga sin eigen modell på grunnlag av ein tilsvarande modell i Thomason & Kaufmans.¹³ Eg viser Winfords modell fordi den er lettare å lese enn Thomasons og Kaufmans.

(A) Language maintenance

<i>degree of contact</i>	<i>linguistic results</i>	<i>examples</i>
Casual	Lexical borrowing only	Modern English borrowing from French, e.g. <i>ballet</i>

¹¹ Sjå t.d. BULL 2004.

¹² WINFORD 2003, 23–24.

¹³ THOMASON og KAUFMAN 1988, 50.

<i>degree of contact</i>	<i>linguistic results</i>	<i>examples</i>
Moderate	Lexical and slight structural borrowing	Latin influence on Early Modern English; Sanskrit influence on Dravidian languages
Intense	Moderate structural borrowing	German influence on Romansch

II Convergence situation

<i>type of contact</i>	<i>linguistic results</i>	<i>examples</i>
Continuous geographical location	Moderate structural diffusion	Sprachbunde, e.g. the Balkans
Intra-community multilingualism	Heavy structural diffusion	Marathi/Kannada influence on Kupwar Urdu
Intense pressure on minority group	Heavy structural diffusion	Tibetan influence on Wutun; Turkish influence on Asia Minor Greek
Intense inter-community contact (trade, exogamy)	Heavy lexical and/or structural diffusion	The languages of Northwest New Britain; the languages of Arnhem Land, Australia

(B) Language shift

<i>type of shift</i>	<i>language results (substratum)</i>	<i>examples</i>
Rapid and complete	Little or no substratum interference in TL	Urban immigrant groups shifting to English in the US

<i>type of shift</i>	<i>language results (substratum)</i>	<i>examples</i>
Rapid shifts by larger or prestigious minority	Slight to moderate substratum interference in TL	Norman French shift to English in England
Shift by indiginous community to imported language	Moderate to heavy substratum interference	Shift to English by Irish speakers in Ireland (Hiberno-English); shift to English dialects in seventeenth-century Barbados (intermediate »creole«)

(C) Language creation (new contact languages)

<i>type</i>	<i>characteristics</i>
Bilingual mixed languages	Akin to cases of maintenance, involving incorporation of large portions of an external vocabulary into a maintained grammatical frame
Pidgins	Highly reduced lingua francas that involve mutual accomodation and simplification; employed in restricted functions such as trade
Creoles	Akin to cases of both maintenance and shift, with grammars shaped by varying degrees of superstrate and substrate influence, and vocabulary drawn mostly from the superstrate source

Å plassere samisk-nordisk språkkontakt i førkristen og etterkristen tid inn i denne modellen er ikkje utan vidare så enkelt. Alle dei språksosiale kontekstane som Winfords modell dekker, finn vi døme på, bortsett frå dei som har ført til (C) »new contact languages«, enda om vi vel ikkje skal sjå bort frå at det Winford kallar »bilingual mixed languages« også kan forekomme i vår samanheng, iallfall reint idiosynkratisk. Problemet her er dermed ikkje at vi ikkje finn dekkjande kategoriar, men at det

er for mange kategoriar som er dekkjande, rett og slett fordi kontakten mellom nordisk og samisk har hatt ulike uttrykk til ulike tider, som vi har sett, men og har gjeve ulike resultat i ulike geografiske område, i ulike lokalsamfunn. Det siste har det ikkje vore rom for å omtale her.

Ein annan muleg modell er blitt diskutert i samband med eit spesifikt prosjekt om lånordtypologi.¹⁴ Denne modellen gjev eg her att slik Michael Rießler har brukt den på kildinsamisk (opplysningar på e-post). Modellen representerer ein måte å kategorisere aktuelle sosiale situasjonar på. Dei ni parametra som er brukte, blir karakteriserte ved hjelp av ei validering frå 0 til 3, der 0 = »not«, 1 = »to some extent«, 2 = »strongly« og 3 = »overwhelmingly«. Kildinsamisk er i dette eksemplet »recipient language« (R) og dei andre nemnde språka »donor languages« (D). Referansen til Thomason og Kaufman 1988 viser ein relativt enkel typologi der I = »speakers shift to R«, II = »R speakers have slight contact with D«, III = »R speakers have more intense contact with D«, VI = »R speakers are under overwhelming pressure of D«. »Numbers in parenthesis mean that the value in question is given but seems not to be relevant for the concrete contact situation (e.g. NSa has political power ›to some extent‹but not in Russia)«.

Konklusjon – typologi

Vi har alt konstatert at det både i samisk og nordisk finst døme på fleire av dei typane språkendingar som Winford seier oppstår både i språkbevarings- og språkskiftesituasjonar. Slik sett kan vi iallfall slå fast at samisk-nordisk språkkontakt vil kunne eksemplifisere meir eller mindre prototypiske språkkontaktsituasjonar i ulike tidsperiodar og/eller i ulike geografiske område. Men ut over å synleggjere at dei formene for språkkontakt som samisk og nordisk har hatt og har, er lik kontaktsituasjonar i andre fleirspråkssamfunn, gjev modellen oss ikkje mykje hjelp. Den andre modellen som er den mest konkrete av dei to, og som berre dreier seg om ordtilfanget, vil truleg kunne illustrere ulike former for kontakt opp gjennom historia, så sant vi har relevant empiri som vi kan »mate« inn i modellen. Den er altså operasjonaliserbar, i motsetnad til Winfords modell. Men å bruke den føreset at vi kan tidfeste dei

¹⁴ <http://www.eva.mpg.de/lingua/files/lwt.html>.

		political	cultural	numerical	variety	no. of bilinguals	status of bilinguals	duration	written lg.	lg. of religion	Thomason & Kaufman
1989<	North-Saami (after 1989)	(1)	1	(2)	1	1	2	0	1	1	II
1989<	Russian (after 1989)	3	2	3	2	3	3	3	3	3	IV
1917<	Russian (Sovjet)	3	2	3	2	3	3	3	3	3	IV
1989<	Izhem-Komi (after 1989)	0	1	0	2	1	0	1	0	0	III
<1989	Izhem-Komi (after 1989)	2	2	0	2	2	1	2	0	0	III
<1917	Russian (pre-sovjet)	2	1	1	1	1	2	3	(1)	3	III
<1930	Karelian	1	2	2	2	1	2	3	(1)	(1)	III
<1000	Baltofinnic	1	2	2	2	1	2	3	(1)	(1)	III
<500	Scandinavian	1	2	2	2	1	2	3	(1)	(1)	III
<0	Proto-Baltic	1	2	2	2	1	2	3	(1)	(1)	III
<0	Proto-Germanic	1	2	2	2	1	2	3	(1)	(1)	III

Tabell 7: Social contact types for Kildin-Saami (Michael Rießler)

aktuelle importorda, og det kan vi slett ikkje alltid. Særleg samiske lån i nordisk, ikkje minst slike som berre førekjem i dialektane, er vanskelege å tidfeste, ikkje minst i dei tilfella der busetnadshistoria ikkje er til noka hjelp.

Sluttord

Det eg har presentert her, er førebels tankar om kva for faktorar ein språkkontakttypologi som er relevant for samisk – nordisk språkkontakt, må ta omsyn til. Det er enda langt fram til ein fullstendig typologi kan seiast å vere utarbeidd. Dels trengs det meir empirisk språkforskning; dels er dei typologimodellane som er utarbeidde på grunnlag av språkkontakt mellom andre språk, ofte så generelle at dei, jamvel om dei kan synast

relevante, likevel ikkje tilfører samisk-nordisk språkkontaktforskning vesentleg ny innsikt, ut over det nokså opplagte, at denne språkkontakten har mykje til felles med det vi veit om språkkontakt i andre delar av verda.

Litteratur

- BULL, Tove: »Samisk-nordisk språkkontaktforskning. Eit statusoversyn«. I: KUSMENKO, Jurij (Utg.): *The Sámi and the Scandinavians. Aspects of 2000 years of contact*. (= Schriften zur Kulturwissenschaft; 55). Hamburg: Kovač, 2004. 183–198.
- BULL, Tove: »Norsk – når grunnlaget er samisk«. I: HORNSCHEIDT, Antje, Kristina KOTCHEVA, Tomas MILOSCH og Michael RIESSLER (Utg.): *Grenzgänger. Festschrift zum 65. Geburtstag von Jurij Kusmenko*. (= Berliner Beiträge zur Skandinavistik; 9). Berlin: Nordeuropa-Institut der Humboldt-Universität, 2006. 31–59.
- BULL, Tove, Jorid Hjulstad JUNTILA og Aud-Kirsti PEDERSEN. »Nominalfrasen in skibotnålet i Troms«. I: *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 1.2 (1986). 60–72.
- COMRIE, Bernard (Utg.): *The worlds major languages*. Oxford: Oxford University Press, 1990.
- HAGAN, Holger. »Lapp English. Interference in a trilingual setting«. Hovedoppgave i engelsk. Oslo: Universitetet i Oslo, 1977.
- HANSEN, Lars Ivar og Bjørnar OLSEN: *Samenes historie fram til 1750*. Oslo: Cappellen Akademisk Forlag, 2004.
- HAUGEN, Einar. »The analysis of linguistic borrowing«. I: *Language* 26 (1950). 210–231.
- JUNTILA, Jorid Hjulstad. »Språkbruk og språkval i Skibotn. Kven forstår kven?«. Hovedoppgave i nordisk. Tromsø: Universitetet i Tromsø, 1988.
- KUSMENKO, Jurij: »Den nordiska s(k)-formens oppkomst«. I: KUSMENKO, Jurij og Sven LANGE (Utg.): *Nordiska språk – insikter och utsikter*. (= Kleine Schriften des Nordeuropa-Instituts; 24). Nordeuropa-Institut der Humboldt-Universität, 2001. 125–139.
- KUSMENKO, Jurij: »Utvecklingen av suffigerad negation i urnordiskan«. I: KUSMENKO, Jurij og Sven LANGE (Utg.): *Strövtåg i nordisk språkveten-*

- skap*. (= Kleine Schriften des Nordeuropa-Instituts; 27). Nordeuropa-Institut der Humboldt-Universität, 2002. 102–120.
- KUSMENKO, Jurij: »Der saamische Einfluß auf die skandinavischen Sprachen: Die Suffigierung des bestimmten Artikels und das s-Passiv«. I: URELAND, Sture (Utg.): *Convergence and divergence of european languages*. (= Studies in Eurolinguistics; 1). Logos, 2003. 198–217.
- KUSMENKO, Jurij: »Skandinavisch-samischer Sprachkontakt. Gegenseitiger Einfluss«. I: KUSMENKO, Jurij (Utg.): *The Sámi and the Scandinavians. Aspects of 2000 years of contact*. (= Schriften zur Kulturwissenschaft; 55). Hamburg: Kovač, 2004. 215–235.
- KUSMENKO, Jurij: »Saami influence on the development of morphological innovations in Common Scandinavian«. I: WINSA, Birger (Utg.): *Finno-Ugric People in the Nordic Countries. Roots V: The roots of People and Languages of Northern Euroasia*. Övertorneå: Academia Tornedaliensis, 2005. 11–31.
- KUSMENKO, Jurij: »Scandinavian Umlaut. Sámi metaphony and Swedish-Norwegian levelling (jamning): a floating Scandinavian-Sámi isogloss«. I: ALHAUG, Gulbrand, Endre MØRCK og Aud-Kirsti PEDERSEN (Utg.): *Mot rikare mål å trå. Festskrift til Tove Bull*. Oslo: Novus, 2005. 118–126.
- KUSMENKO, Jurij: »The history of quantity in the Scandinavian languages«. I: *Tijdschrift voor Skandinavistiek* 26 (2005). 127–144.
- KUSMENKO, Jurij: »Typology of language contact in the Balkans and in Scandinavia – the case of the suffixed definite article«. I: URELAND, Sture (Utg.): *Integration of European Language Research*. (= Studies in Eurolinguistics; 2). Berlin: Logos, 2005. 89–111.
- KUSMENKO, Jurij og Michael RIESSLER: »Traces of Sámi-Scandinavian contact in Scandinavian dialects«. I: GILBERS, Dicky, John NERBONNE og Jos SCHAEKEN (Utg.): *Languages in Contact*. (= Studies in Slavic and General Linguistics; 28). Amsterdam: Rodopi, 2000. 209–224.
- MUYSKEN, Pieter: »Creole tense/mood/aspect systems: the unmarked case?«. I: MUYSKEN, Pieter (Utg.): *Generative Studies on Creole Languages*. (= Studies in Generative Grammar; 6). Dordrecht: Foris Publications, 1981. 181–199.

- NESHEIM, Asbjørn: »Samisk og norsk i Lyngen«. I: *Sameliv. Samisk selskaps årbok 1951–1952*. Oslo: Norges almenvitenskapelige forskningsråd, 1952. 123–129.
- NESHEIM, Asbjørn. »Samisk og nordisk fellesskap og kulturkontakt«. I: *By og bygd* 11 (1958). 1–18.
- PEDERSEN, Aud-Kirsti: »Restar av samisk i kaldfjordmålet«. I: HOLMEN, Tone (Utg.): *Kvinneforskermaraton*. Tromsø: Universitetet i Tromsø, 1994. 115–128.
- RIESSLER, Michael: »Samisk och finsk substrat i nordskandinaviska dialekter«. I: KUSMENKO, Jurij og Sven LANGE (Utg.): *Strövtåg i nordisk språkvetenskap*. (= Kleine Schriften des Nordeuropa-Instituts; 27). Nordeuropa-Institut der Humboldt-Universität, 2002. 78–90.
- RIESSLER, Michael: »Präaspiration im Nordgermanischen«. I: KUSMENKO, Jurij (Utg.): *The Sámi and the Scandinavians. Aspects of 2000 years of contact*. (= Schriften zur Kulturwissenschaft; 55). Hamburg: Kovač, 2004. 199–213.
- SOLLID, Hilde. »Dialektsyntaks i Nordreisa. Språkdannelse og stabilisering i møtet mellom kvensk og norsk«. Avhandling (dr. art.) [Tromsø]: Det humanistiske fakultet, Universitetet i Tromsø, 2003.
- THOMASON, Sarah Grey og Terrence KAUFMAN: *Language contact, creolization and genetic linguistics*. Berkeley: University of California Press, 1988.
- TODAL, Jon: »Interferens, negativ transfer, substrat eller etnolekt«. I: BALTO, Asta (Utg.): *Kunnskap og kompetanse i Sápmi – en samisk skole i emning. Forhold fra den samiske utdanningssektoren*. (= Kunnskapsbilder. Forskningsserie fra SUFUR / SUFUR – Samordningsutvalget for Finnmark utdanningsregion; 2). Kárášjohka: Davvi Girji, 1996. 107–118.
- WINFORD, Donald: *An introduction to contact linguistics*. (= Language in society; 33). Oxford: Blackwell, 2003.